

OPAFORM

Sandviksveien 62, 5035 Bergen
Postboks 84 Måseskjæret, 5841 Bergen
Tel: +4792020290 / Mail: post@opaform.no

Bergen, 6.7.2018

SØKNAD OM FASADEENDRING, LINDÅSVEGEN 92

På vegne av tiltakshavar Ida Stafsnes og Samuel A. Bard, vil OPAFORM me dette søka om 1-trinns løyve til fasadeendring ved Lindåsvegen 92, gnr./bnr. 185/163, Lindås kommune.

Endringa gjeld mindre endringar ved fasade mot sør, aust og nord. I fasade mot sør søker det om å gjera eksisterande fasadeopningar større. I tillegg søker det om ei endring av eksisterande luftebalkong. Denne søker utvida i huset si lengderetning. Den vil altså ikkje kraga meir ut i terrenget, men utvidast langs fasaden.

Tomta er regulert, eldre reguleringsplan Gjervik Ytre blad I, II, III, men kommunedelplan for Knarvik – Alversund 2007 – 2019 gjeld framføre den eldre reguleringsplanen. Ny kommunedelplan for dette området har nett vore ute på høyring, men er ennå ikkje vedteken. Utover dette gjeld Kommuneplanen sin arealdel 2011 – 2023.

Området er avsett til bustadar, «frittliggende småhusbebyggelse» i kommunedelplanen og kommuneplanens arealdel. Det er ikkje oppgitt utnyttingsgrad for tomta i nokon av dei gjeldande planane. Viser for øvrig til punkt 2.4 i kommunedelplanen, byggeområder uten krav til reguleringsplan.

OMRÅDE	AREAL	%BYA
Tomt	2353 m ²	
BYA (hus + garasje), eksisterande:	224 m ²	9,5%BYA
BYA (hus + garasje), nytt tiltak	230 m ²	10,2%BYA

Oversikten over viser endringa i bebygd areal etter tiltaket. Eksisterande luftebalkong på 3m² utvidast i huset si lengderetning, og blir 6 m² større. Balkongen utvidast ikkje utover frå bygget, men beheld ei djupne på 1,2 meter frå fasadelivet.

VISUELLE KVALITETAR, ESTETIKK

Omsøkte tiltak er i tråd med stilten på huset. Det føyer seg inn under, og framhevar, eksisterande linjer i fasaden, og understrekar den horisontale tilnærminga huset har i landskapet. Fasadeendringa gjer ikkje at bygget endrar karakter korkje i seg, eller i måten det føyer seg inn i landskapet på. Spesielt for fasaden mot sør gir dei nye opningane god kontakt med landskapet, og den flotte utsikten mot Alversundet, og vil soleis kunne auke bukvaliteten for dei som bur i huset..

Ansvarleg utførande er Sandviken vedlikehold AS.

Sjå for øvrig vedlagte teikningar og skjema.

Me ser fram til å høyre frå dykk,

Med venleg helsing,

Karoline Kalstveit

Arkitekt og ansvarleg søker
OPAFORM arkitekter AS